

Utanriksdepartementet  
v/Ass Utanriksråd  
Postboks 8114 Dep.

0032 Oslo

Arkivkode/ File no:  
84

Deres/ Dykkar ref./ Your ref.:

Dato/ Date:  
14.12.2015

Vår ref./ Our ref.:  
1500380-53

Vår saksbeh./ Enquiries:  
Siv Lillestøl

Kopi til:  
Direktøren i Norad  
Regionavdelinga i UD v/  
-Seksjon for etatsstyring, budsjett og forvaltning,  
Avdeling for FN og humanitære spørsmål i UD v/  
- Seksjon for humanitære spørsmål  
- Seksjon for menneskerettigheter  
- Seksjon for globale initiativ  
Den norske ambassaden i Roma  
FN-Delegasjonen i Genève  
Avdeling for økonomisk utvikling, likestilling og  
styresett i Norad

## **Oppfølgingsnotat: Studie av dei kriseramma si involvering i norskstøtta humanitære hjelpeoperasjonar (Rapport 8/2015)**

### **Bakgrunn og føremål**

Internasjonalt er det aukande interesse blant humanitære hjelpeorganisasjonar i å involvere kriseramma i humanitære hjelpeoperasjonar. Ei av årsakene til dette er at organisasjonane har blitt kritisert for å medverke til å forsterke eit bilde av kriseramma som hjelpelause offer og ikkje som ein ressurs som kan bidra til å betre eigen situasjon.

Føremålet med kartleggingsstudien var todelt; for det første skulle studien bidra til auka innsikt i korleis UD og deira humanitære samarbeidspartnarar involverer kriseramma i sitt arbeid slik at framtidig innsats på området kunne styrkast. For det andre skulle studien bidra til å gjere dei humanitære hjelpeorganisasjonane ansvarlige vis a vis mottakarane av humanitær bistand.

Funna i studien byggjer i hovudsak på gjennomgangar av tilgjengelig dokumentasjon og intervju av personar i UD og i dei organisasjonane som forvaltar størsteparten av norsk humanitær bistand. Studien er gjennomført av Nordic Consulting Group på oppdrag frå Evalueringsavdelinga i Norad.

### **Sentrale funn**

- det er semje blant dei humanitære aktørane om at målgruppa for humanitært arbeid – dei kriseramma – bør inkluderas i hjelpearbeidet. Mykje av det normative grunnlaget for å få dette til er på plass i form av policy dokument, men i følge studien, står det mykje igjen når det gjeld å utvikle tilnærmingar for korleis dette skal gjennomførast i praksis
- norske styresmakter har vore med på å sette involvering av kriseramma i humanitært hjelpearbeid på den internasjonale dagsordenen, men stiller ikkje formelle krav til at humanitære samarbeidspartnarar skal

involvere dei kriseramma i norskstøtta operasjonar. Involvering av kriseramma er heller ikkje eit tema som systematisk blir tatt opp i dialog/møter med humanitære samarbeidspartnarar

- dei humanitære hjelpeorganisasjonane oppfattar involvering av kriseramma i sine aktivitetar som ein måte å *betre* hjelpetiltaka på, men ifølgje rapporten finst det ikkje bevis på at dette faktisk er tilfelle
- dei humanitære hjelpeorganisasjonane meiner involvering av dei kriseramma både er eit virkemiddel for å tryggje sikkerheten til egne hjelpearbeidarar og for å sikre at hjelpa når dei kriseramma
- dei organisasjonane som har praktisk erfaring med å involvere kriseramma i hjelpearbeidet, dokumenterer ikkje denne erfaringa på ein systematisk måte noko som gjer at det er vanskelig å lære både intert i organisasjonen og i det humanitære bistandsmiljøet generelt
- på spørsmålet om når organisasjonane involverer dei kriseramma synes det mest forsømte område å vere i etterkant av humanitære operasjonar hovudsaklig på grunn av manglande ressursar

### Tilrådingar i rapporten

- norske styresmakter bør halde fram med å engasjere seg i internasjonale fora for å synleggjere tema samt å bidra til å utvikle overordna retningslinjer og metodar for involvering av kriseramma i humanitært arbeid
- norske styresmakter bør vurdere å inkludere involvering av kriseramma i den årlige humanitære rapporten
- UD bør formalisere krav om involvering av kriseramma i humanitære operasjonar når ein inngår samarbeidsavtalar og kontraktar med humanitære hjelpeorganisasjonar
- dei humanitære organisasjonane bør legge retningslinjene frå Inter Agency Standing Committee (IASC) til grunn i eige arbeid med å utvikle modellar for involvering av kriseramma i humanitært hjelpearbeid
- dei humanitære organisasjonane bør dokumentere, systematisere og dele egne erfaringar med involvering av kriseramma slik at dette kan bidra til læring i og mellom organisasjonane
- Norad bør utlyse ein ny studie for å få betre innsikt i om målsettingane og strategiane for involvering av kriseramma i humanitært hjelpearbeid blir nådd

### Synspunkt til involverte partar

Rapporten vart presentert på eit godt besøkt seminar i Norad den 1. desember 2015. På seminaret deltok UD ved seksjon for humanitære spørsmål, seksjon for menneskerettigheter og seksjon for globale initiativ samt ambassaden i Roma. Frå Norad deltok seksjon for likestilling og menneskeretter. I tillegg var representantar for den internasjonale komiteen for Røde Kors, Verdens matvareprogram, Kirkens Nødhjelp, Flyktningshjelpen, Leger utan grenser, Røde Kors, Flyktningshjelpen og Prio til stades.

Seksjon for humanitære spørsmål meinte studien er relevant både i tid og innhald og vil ta funna i studien vidare i dialog med dei humanitære hjelpeorganisasjonane. Seksjonen viste til pågåande arbeid både for å utvikle teknologiske hjelpemiddel for å kunne involvere kriseramma samt nye måtar å involvere dei kriseramma på. For eksempel kan kontant (cash) basert hjelp gi dei kriseramma større muligheit til å betre eigen situasjon enn om hjelpa kjem gjennom tildelte krisepakker der ein på førehand har definert kva behov dei kriseramma har.

Vidare stadfesta diskusjonen på møtet at interessa for å involvere dei kriseramma i hjelpearbeidet er stort også blant dei humanitære organisasjonane. Det vart uttrykt ønske om å gjere meir for å involvere dei kriseramma enn det som blir gjort i dag, sjølv om det og vart tatt til orde for at organisasjonane har meir erfaring i å involvere kriseramma i hjelpearbeidet enn det funna i studien skulle tilseie.

### Vurderingar og tilrådingar om oppfølging frå Evalueringsavdelinga

I si endelige form gir rapporten ei god oversikt over status for involvering av kriseramma i humanitært arbeid som er støtta av Noreg. I utgangspunktet skulle studien identifisere og samanlikne erfaringar frå ulike tilnæringsmåtar for involvering av kriseramma i humanitært hjelpearbeid. Men gitt funna i studien om at organisasjonane har heller lite praktisk erfaring på dette området og at den erfaringa som finnes ikkje blir dokumentert, vart studien avgrensa til å kartlegge målsettingar og intensjonar for involvering av kriseramma slik dette er skildra i strategidokument.

Gitt funna i studien, meiner Evalueringsavdelinga at tilrådinga i rapporten om at det skal gjennomførast ein ny studie for å få meir innsikt i om målsettingane/intensjonane med involvering av kriseramma blir nådd, ikkje bør følgjast opp enno. Ein slik studie vil eventuelt kunne gjennomførast på eit seinare tidspunkt for eksempel som eit ledd i ei større teamtisk evaluering av humanitær bistand.

Evalueringsavdelinga tilrår at departementet legg følgjande tilrådingar til grunn i framtidig innretting av den humanitære bistanden:

Tilråding	Tiltak (eller grunngeving for ikkje å følgje opp)	Ansvarleg for tiltak	Tidsramme	Resultat / endring / kommentar
Norske styresmakter bør halde fram med å engasjere seg i internasjonale fora (for eksempel IASC/OCHA) for å: <ul style="list-style-type: none"> <li>- synleggjere tema</li> <li>- gjere dei humanitære aktørane ansvarlige vis a vis mottakar</li> <li>- bidra til utviklinga av overordna retningslinjer og metodar for involvering av kriseramma i humanitært arbeid</li> </ul>				
UD bør vurdere å formalisere krav om involvering av kriseramma i humanitære operasjonar når ein inngår samarbeidsavtalar og kontraktar med humanitære hjelpeorganisasjonar				
UD bør be dei humanitære hjelpeorganisasjonane om å legge arbeidet til IASC til grunn i utforminga av metodar for involvering av kriseramma i hjelpearbeidet				

Tilråding	Tiltak (eller grunngeving for ikkje å følgje opp)	Ansvarleg for tiltak	Tidsramme	Resultat / endring / kommentar
UD bør krevje at dei humanitære organisasjonane som forvaltar norsk bistand skal dokumentere, systematisere og dele eigne erfaringar med involvering av kriseramma slik at dette kan bidra til læring i og mellom organisasjonane				

Vi minner om den vidare prosedyren. I tråd med evalueringsinstruksen skal utanriksråden på grunnlag av notat frå den avdelinga som er ansvarlig for tiltaket som er evaluert, gjere vedtak om kva saker som skal følgjast opp, innafor kva tidsrammer, og av kven. Denne oppfølgingsplanen skal sendast til involverte partar innan seks veker med kopi til Evalueringsavdelinga og til Norads direktør. Vidare skal den ansvarlege avdelinga seinast innan eit år rapportere til utanriksråden om korleis planen er følgt opp.

Dette oppfølgingsnotatet er utarbeida i tråd med «Instruks for evalueringsvirksomheten i norskbistandsforvaltning» av 29.mai 2006 som var gjeldande på det tidspunktet som studien vart sett i gang. Notatet vil bli gjort offentleg kjent i eit tilpassa format på [www.norad.no/evaluering](http://www.norad.no/evaluering).

Per Øyvind Bastøe  
Direktør,  
Evalueringsavdelinga

Siv Lillestøl  
Seniorrådgivar

***Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur.***

Dato/ Date.

Vår ref./ Our ref.:

14.12.2015

1500380-53

---

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post	Land
Ass Utenriksråd for utviklingsaker		Postboks 8114 Dep.	0032 Oslo	